 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Prosedyre	Godkjend av: Fylkesting	Gjeld frå: 07.03.17	Tal sider: 4
	Utarbeidd av: Økonomi- og organisasjonsavdelinga - Innkjøpsseksjonen	Godkjend dato: 23.02.17	Revidert dato:	Arkivsak:

1. Innleiing

Innkjøpspolitikken for Hordaland fylkeskommune skal fastsetje overordna mål, strategiar og styrande prinsipp for innkjøp av varer, tenester og bygg- og anleggsarbeid til fylkeskommunen.

Innkjøpspolitikken er forankra i Hordaland fylkeskommune sin visjon og verdiar, samt lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Visjonen:

Attraktiv & nyskapande

Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv oppdragsgjevar for leverandørmarknaden, og saman med leverandørane skal vi bidra til innovative og bærekraftige leveransar.


Verdiane:



Innkjøpsfunksjonen skal ha riktig og oppdatert kompetanse



Innkjøpsfunksjonen skal vere offensiv i arbeidet med å finne nye og gode løysingar for leveransar til fylkeskommunen



Innkjøpsfunksjonen skal vere i dialog med brukarane, leverandørmarknaden, andre fylkeskommunar og kommunar for å sikre gode innkjøp

2. Omfang

Innkjøpspolitikken gjeld **all innkjøpsaktivitet** i Hordaland fylkeskommune i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande prosedyrar.

Innkjøpsseksjonen har ansvar for å leggje til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Hordaland fylkeskommune, med særleg vekt på Eigedomsavdelinga, Skyss og Bybanen Utbygging.

Innkjøpsfunksjonen i Hordaland fylkeskommune omfattar alle avdelingar med underliggjande einingar, som i samsvar med godkjente budsjett og fullmakter

- har ansvar for kjøp av varer og tenester til investering og drift
- er underlagt offentlig lov- og regelverk samt interne fylkeskommunale retningslinjer

3. Mål

Hordaland fylkeskommune har i *Verksemndsstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016–2020*, definert mål og strategiar gjeldande for alle einingar i Hordaland fylkeskommune inkludert for innkjøpsfunksjonen.

Det overordna målet for innkjøpsfunksjonen er:

“Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdsområda i Hordaland fylkeskommune.”

4. Strategiske grep

Styrka leverandør oppfølging

Styrke oppfølginga av leverandørar der økonomiske effektar av innkjøpa vert særleg vektlagt.

Tiltak:

- Arbeide for stadig betre elektronisk samhandling mellom fylkeskommunen og leverandørane frå behov til fakturering
- Sikre oppfølginga av kontraktar, mellom anna ved å registrere og forvalte avvik i kvalitetsstyringssystemet
- Vidareutvikle og sikre etterleving av rolle- og ansvarsmatrise for leverandør oppfølging

Auka bruk av rammeavtaler

Sikre auka bruk av rammeavtalar med tydelegare medverknad frå brukarane.

Tiltak:

- Sikre korrekt behovsdekning ved auka brukarmedverknad og forankring blant brukarane
- Vidareutvikle ei sentralisert innkjøpsrolle
- Sikre god rammeavtaledekning ved hjelp av samarbeid mellom einingane og internkontroll
- Syte for god informasjon om avtalane ut i organisasjonen

5. Innkjøpsprinsipp

- 1. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre innkjøpa sine i tråd med lover og forskrifter, og med særleg fokus på dei grunnleggjande prinsipp i anskaffingsregelverket**
Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre føreseielege, etterprøvbare og forholdsmessige innkjøpsprosesser basert på konkurranse og likebehandling av leverandørane.
- 2. Hordaland fylkeskommune skal opptre med integritet i innkjøpsprosessane**
Ved gjennomføring av innkjøp skal fylkeskommunen opptre med slik integritet at det sikrar ålmenta sin tillit til at innkjøpa skjer på ein samfunnstenleg måte. Hordaland fylkeskommune sine gjeldande etiske retningslinjer skal følgjast.
- 3. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre så kostnadseffektive innkjøp som mogleg**
Gjennom samhandling og effektiv organisering av innkjøp, samt bruk av elektronisk innkjøpsverktøy og elektronisk handel, skal Hordaland fylkeskommune sikre effektiv ressursbruk i innkjøpsprosessane.
- 4. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre profesjonelle innkjøpsprosessar av høg kvalitet**
Innkjøpsfunksjonen skal ha naudsynt og oppdatert innkjøpsfagleg kompetanse og gjennomføre profesjonelle innkjøpsprosessar gjennom tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt, erfaringsoverføring i faglige fora og føremålstenleg styring og organisering.
- 5. Hordaland fylkeskommune skal leggje til rette for lokal gjennomføring av innkjøp**
Innkjøpsseksjonen skal gjennom rådgjeving, bistand og utarbeiding av malar og retningslinjer leggje til rette for at dei einskilde einingane i Hordaland fylkeskommune lokalt skal kunne gjennomføre gode innkjøp innanfor dei økonomiske rammene dei er gjevne.
- 6. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre miljøvenlege innkjøp**
Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis bidra til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremje klimavenlege løysingar. Innkjøpsfunksjonen skal vurdere i kva grad det enkelte innkjøp utgjer ei miljøbelastning og korleis omsyn til miljø og klima skal ivareta-kast.
- 7. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp**
Hordaland fylkeskommune skal syte for at alle innkjøp fremjar respekt for grunnleggjande menneskerettar, tilfredstillande arbeidsforhold og andre sosiale forhold. Dette skal til dømes gjerast gjennom å ivareta krav til løns- og arbeidsvilkår i kontraktane, sikre universell utforming i innkjøp der dette er relevant, samt stille krav til bruk av lærlingar i tenestekontraktar.
- 8. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre innovative innkjøp**
Hordaland fylkeskommune skal vurdere innovative løysingar og prosessar der dette vil vere tenleg. Innkjøpsfunksjonen skal syte for at innovasjon og innovative tiltak vert diskutert ved oppstart av alle prosjekt. Innkjøpsseksjonen skal vere ein pådrivar overfor dei andre einingane for å sikre innovasjon i offentlege innkjøp.

9. Hordaland fylkeskommune skal sikre effektiv bruk av inngåtte avtaler og drive strategisk kontraktsoppfølging og leverandørutvikling

Innkjøpsfunksjonen skal sikre god rammeavtaledekning og effektiv bruk av inngåtte avtaler. Dette skal sikrast gjennom å syte for korrekt behovsdekning i samarbeid med brukarar og å gje god informasjon om inngåtte avtalar ut i organisasjonen. Innkjøpsfunksjonen skal vidare drive tett og systematisk oppfølging av strategiske leverandørar.

10. Hordaland fylkeskommune skal sikre kontinuerlig forbetring og redusering av risiko i alle innkjøp

Innkjøpsseksjonen skal gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med gjeldande prosedyrar for å minimere risiko og forbetre kvaliteten i alle leveransar. Innkjøpsseksjonen skal utføre kontrollerande tiltak for å sikre etterleving av regelverk og interne rutinar.

6. Metode

For å sikre innkjøp i tråd med Hordaland fylkeskommune sin innkjøpspolitikk skal innkjøpsseksjonen syte for at Kvalitetsportalen er oppdatert med godkjente prosedyrar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura.

Innkjøp skal gjennomførast ved hjelp av dei til ei kvar tid gjeldande innkjøpssystem, kontraktsstyringsverktøy og måle- og rapporteringsverktøy.

7. Revisjon

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjere mindre endringar i dette dokumentet som ikkje har innverknad på innhaldet. Endringar som har betyding for innhaldet, skal handsamast som politisk sak.